

Ein Leiknesfamilie som blei hart råka av ulykker på sjøen.

Stefanus Helberg Jakobsen Leiknes blei født i 1851 og var son til Jakob Mattias Konradsen Leiknes og kona hans, Gjertrud Ovedia Stefanusdatter Kårvikhamn.

Stefanus gifta seg i 1877 med Jensine Ovedia Salomonsdatter fra Gavl i Hillesøy. Ho vart født i 1853. Stefanus og Jensine bygde seg hus og heim Rørvika. Det var ein utmarkteig som tilhørde faren, Jakob Mattias Konradsen. Her rydda dei seg eit småbruk og levde av jordbruk og fiske, som så mange andre på den tida. Dei fikk i alt ni born, 5 gutar og 4 jenter.

I tillegg til hardt arbeid og slit for levemåten med så stor familie, fekk denne familien mykje sorg og motgang. I 1897 døydde den nest yngste guten deira. Han heitte Andreas Odin, og var berre 5 år gamal.

Den 9. mars 1901 skulle Stefanus og sonen Salomon Martin, som var 14 år, segle med småbåt ut til Hekkinga på fiske. Men ved Leiknesodden fekk dei sydvestkuling. Båten gjekk rundt og begge sette livet til. Salomon Martin blei funnen seinare og gravlagd den 17. april same året. Trass i iherdig sokning fann dei ikkje Stefanus. Men ein dag midt i juli gjekk Konrad Jakobsen og slo oppfor Frislettholmen på Leiknes. Då fekk han auga på noko som låg og rak utfor Leiknesodden. Han kjende det som om nokon sa til han at det var broren Stefanus som rak der. Han slo tanken frå seg til å byrje med, og heldt fram med slåtta, men han fekk ikkje ro for denne tanken. Så hengde han ljàen i ei bjørk og gjekk heim. Han fekk Jensine, syster til kona si, med seg og rodde ut. Det var akkurat Stefanus som hadde flotna opp. Jensine tykte det var så nifst at ho kunne ikkje hjelpe til, og far måtte i all hast ro i land etter ein mann til å hjelpe seg, og Jakob Benjamin Olsen blei med ut og henta Stefanus i land. I kyrkjeboka står det at han blei gravlagd 23. juli 1901.

Jensine Ovedia satt no igjen i Rørvika med ein stor huslyd. Den minste guten, Hans Andreas, var berre 5 år gamal, Amalie var 10 år, og Jakoba var 12 år gamal. Den eldste gjenta, Jørgine, var 21 år, Johan Hagbart var 19 år, Ole Karolius var 18 år, Gjertrud var 16 år gamal.

Dei var dyktige ungdomar alle, og dei hjelpte mora heime på småbruket, og Johan Hagbart og Ole Karolius reiste på fiske også. Johan Hagbart skaffa seg seinare ei fiskarskøyte som heitte Moder. Denne skøyta var 46 fot lang og hadde ein motor på 12 hk. Farta var ikkje stor, men

dei brukte segla og når det høvde slik med vinden. Hausten 1913 var Johan Hagbart Stefanussen på fiske i Finnmark med denne skøyta, og yngste broren, Hans Andreas, var med. Han var berre 17 år. Dei var i alt 6 mann om bord. Dei andre var i 20 års alderen. Johan Hagbart var eldste mann om bord. Han var 31 år gamal. Dei var lagbåt med motorkutter Glimt frå Leiknes. Den tilhørde Hans Konradsen. Glimt var 48 fot lang, og var av Skanfertypen med skrå baug. Denne kutteren hadde vore seglar og hadde malmkjel. Om bord i Glimt var 8 mann.

Like før jul var desse kameratbåtane på heimtur. Den 21. des. Var die på Kvenangen. Veret var bra, men det var litt snøkov. Moder gjekk føre og Glimt eit kort stykke bakom. Begge båtane gjekk med storseglet oppe. Egil Konradsen var maskinmann på Glimt. Han hadde frivakt og låg og sov, men så drøymde han at ein trålar kom frå styrbord med kryssande kurs. Egil spratt opp og ropte: ”Styr unna.” Han blei så vaken etter dette at han stod opp og gjekk på dekk. Han gjekk ned i maskinrommet og skulle sjå til motoren. Medan han var der, merka han at båten la seg brått over. Han sprang opp og såg då at nordveststormen var komen som sloppen av ein sekk. Moder velta, og ein av karane på Glimt tok øksa og skulle hogge av pikfallet, men akkurat då revna storseglet, og Glimt retta seg opp, attsidan hadde tung malmkjøl. Ein sjø slo ned i motorrommet og motoren stoppa. Mannskapet pumpa alt dei kunne, og Egil fekk motoren i gang. Dei hadde då drive noko av til le for Moder og prøvde å gå mot veret for å berge kameratane sine, men den veike motoren makta dei ikkje gå fram, og snøkovet var så tett at dei miste dei av syne. Dei kunne ikkje gjøre anna enn å lense unna. Dei såg ikkje langt i det tette kovet, og dei kunne vente å bli knust mot ein fjellvegg, men langt om lenge merka dei at sjøen hadde minka noko, og då dei fekk landkjenning, var dei komne i le av Spildra i Kvenangen. Dei ankra opp der til uveret gav seg, så gjekk dei til Skjervøy. Derifrå sende dei telegram heim om forliset. Jakob Benjamin Olsen og Jørgen Melkiorson Leiknes gjekk med syrgjebodet til Jensine Jakobsen.

Ingen av mannskapet på Moder blei funnen. I Lenvik kyrkjebok for 1913 står det: Desse omkom på sjøen 21/12 1913:

ugift fisker Johan Hagbart Stefanussen Leiknes f. 1882

ugift fisker Hans Andreas Stefanussen Leiknes f. 1896

ugift fisker Ludvik Andreas Andersen Leiknes f. 1895

ugift fisker Johan Berg Andreas Johnsen Bondjord f. 1896

ugift fisker Oskar Leonhard Olsen Bondjord f. 1897

ugift fisker Bertrand Kornelius Andreas Johnsen Bondjord f. 1897

Dette forliset var eit tungt innhogg i ungdomsflokken på Leiknes og Bondjorda, og det var ei sorgtung jul hos mange det året, og tyngst måtte det vere for Jensine Jakobsen eller ho Jensine i Rørvika som folk kalla henne. Ho hadde i alt mist 4 av sine kjære på sjøen, men ho hadde vakse opp ute med havet, og visste at havet kan både gje og ta. Ho var ei sterk og fornuftig kvinne som ikkje let seg knekke av sorga. Ho var ei av dei mange staute norske fiskarkonene som er verd å ta hatten av for. Ho budde i Rørvika resten av livet og døydde i 1931.

Mannskapet på motorkutter Glimt var:

Hans O. Konradsen Leiknes skipper

Egil Konradsen Leiknes maskinmann

Ottar Hansen Leiknes

Nils Klausen Trollvik

Melkior Andreassen Leiknes

Claus Andreassen Leiknes

Henry Ludviksen Leiknes

Svein Lorentsen Leiknes

Motorkutter Glimt gjekk frå Skjervøy til Tromsø den 23/12 og julaftan om føremiddagen gjekk dei heim.

Ottar Hansen, som var med har fortalt meg om denne turen. Han slutta forteljinga slik:

Vi hadde fint ver på heimturen frå Tromsø, og vi kom til Leiknes ut på ettermiddagen julaftan. Då vi hadde kasta ankra og stoppa motoren, tok kyrkjeklokka på Bjorelvneset til å ringje høtida inn. Vi vart så tekne av dette at vi vart ståande stille ei lang stund. Ingen sa noko. Kvar tenkte vel sitt. Så rodde vi i land med denne triste tidende.

Leiknes den 27/1 1981.

Kåre Leiknes sen., Leiknes, 9300 Finnsnes